

## Kvalitetsklubbansvarlig

### Instruks for Kvalitetsklubbansvarlig i Volda TI Fotball

For å halde tak i kvalitetsklubbkonseptets prosess og årlege oppfølging, skal Volda TI Fotball ha ein eller fleire dedikerte personar som har dette ansvaret. Det er ynskjeleg at personen med denne ansvarsrollen sitt i styret, men ikkje naudsynt. Kvalitetsklubbansvarlig skal vere oppført med denne rolla i FIKS. Hensikta med å etablere denne rolla er å sikre Volda TI Fotball sitt fokus og kvaliteten på dei grunnleggjande oppgåvene som ligg til konseptet. Når ein skal etablere nye malar, planar og arbeide med utviklingsprosessar over tid, samtidig som ein skal drifte aktiviteten i klubben, krev dette at nokon held overordna oversikt. I prosessen med å forbli kvalitetsklubb har ein tett oppfølging av krets. Som kvalitetsklubb gjeld nye rutiner for oppfølging, og Volda TI Fotball skal etterleve dei nye malane, planane og drive aktivitet med kvalitet. Kvalitetsklubbansvarlig skal halde overordna tak i konseptet og følge opp og kommunisere konseptet med klubbens aktive, medlemmar og frivillige.

Kvalitetsklubbansvarlig i Volda TI Fotball skal:

- Ha inngåande kunnskap om kvalitetsklubbkonseptet og vere pådrivar for å kommunisere kva Norges Fotballforbund legg i god kvalitet i klubbens planverk i praksis.
- Være Volda TI Fotball sin overordna kontaktperson mot krets og forbund på spørsmål knytta til kvalitetsklubbkonseptet i samarbeid med dagleg leiar.
- Følgje opp dei standardane som er satt i systemet med tanke på implementering og etterlevelse av Volda TI Fotball sitt verdiarbeid i praksis.
- Sette kvalitetsklubbkonseptet på agendaen til styret slik at man etterlever de retningslinjene som er lagt.
- Følgje opp og utbedre eventuelle avvik fra kriteriesettet.
- Vere ansvarleg og pådrivar for gjennomføring av egenmelding.
- Delta på samlinger som NFF/SFK arrangerer i forbindelse med kvalitetsklubbkonseptet.

Kvalitetsklubb skal implementerast i alle ledd i organisasjonen. Det er viktig at Kvalitetsklubbansvarleg, saman med Styret og Dagleg leiar finn gode rutiner for å sikre implementering, og framsnakkar viktigeita av å vere ein kvalitetsklubb.